



Hjertåsgarden v/Kjell Kallestad Stople
Hjertåsvegen 47
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2572 - 16/23041

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

05.12.2016

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt utbetring/istandsetting av driftsbygning Gbnr. 9/1 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 411/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad journalført 27.11.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Kjell Kallestad Stople om at fristen forr å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld utbetring/istandsetting av driftsbygning på gnr. 9 bnr. 1 på Hjertås, saknr. 13/982. Arbeidsfristen gjekk ut 30.10.2016.

Vurdering:

Prosjektet har kome i gang, men noe står att. Det er trong for meir tid for å fullføre prosjektet med å utbetre bygget. Søkjar opplyser at han har hatt utfordringar knytt å skaffe material i høvelege dimensjonar for utbetringa. Søkjar opplyser om at han ferdig med om lag $\frac{3}{4}$ delar av arbeidet og reknar med å få tak i material som passar våren 2017. Søkjar reknar då med at prosjektet kan ferdigstillast i løpet av sumaren 2017.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføra prosjektet. Det er høve til å forlange arbeidsfristen med 2 år fram til 31.10.2018. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptrast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Kjell Kallestad Stople utvida frist til 31.10.2018 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, saknr. 13/982. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, saknr. 13/982.

Vedtaket har heimel i § 3 i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Hjertåsgarden v/Kjell Kallestad
Stople

Hjertåsvegen 47 5918

FREKHAUG